



Ei arbeidsgruppe under Uskedalen Utvikling arbeider vidare med planen om å avvikla pakketurar i bygda. Uskedalen ligg ikkje i fremste rekkje i kampen om turistane og det ynskjer UU å gjera noko med.

Planleggjinga er førebels ikkje kome så langt, men det manglar ikkje idear. No gjeld det å gjera eit utval og utvikla dei vidare. Eit planleggjingsmøte er nyleg halde og det vert eit nytt i januar.

* Eit pakketuropplegg kan til dømes vera ein busstur oppover i dalen og i sentrum - med innlagte opplevingar og servering. Tilbodet på 'matsektoren' vert stadig betre, med Elins Matgleder som den siste tilveksten.

* Ei anna pakke kan vera meir natur-retta og uskedalen.no erfarer at eit slikt er under planleggjing og skal avviklast til våren.

* Det er også gjort eit utspel for å gjera Uskedalen interessant som utfluktsmål for charterturar og det er grunn til å tru at den første turen tilknytta eit cruise kan bli avvikla i 2013.

På biletet over: Ei gruppe vert orientert på Friheim for nokre år sidan

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen